



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 62

(2004–2005)

Om lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (dagpengar under arbeidsløyse m.m.)

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet av 18. mars 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn for forslaga

I denne proposisjonen fremjar Regjeringa nokre mindre endringar i dagpengekapittelet i folketrygdloven. Forslaga har dels bakgrunn i ønske om endringar som følgje av endringar på andre områder, som det er naturleg at dagpengeregelverket tar omsyn til. Dels er forslaga følgje av ønske om endringar for å fremje ein meir effektiv arbeidsmarknadspolitik. Enkelte forslag er av teknisk karakter og skal mellom anna sikre ein klar heimel for gjeldande praksis i Aetat. Til den førstnemnde kategorien høyrer forslaget om å ta fleire økonomiske ytingar med i berekninga av dagpengane og forslaget om å gjere det mogleg for kvinner som har vore sjuke i samband med svangerskap, å ta opp att ein dagpengeperiode sjølv om avbrotet har vart i meir enn eitt år.

Meir systematisk oppfølging av arbeidssøkjarane har avdekkja at reaksjonen eller sanksjonen ved manglande oppmøte etter innkalling til Aetat vurderast som for streng. Sanksjoner som ikkje verkar rettvise, endar ofte med klager og seinare omgjeving, t.d. av Trygderetten. Ein mildare reaksjon kan gjere det lettare å bruke dei sanksjonane Aetat rår over i fleire tilfelle. Det vil fremje ein meir effektiv oppfølging av arbeidssøkjarane.

Forslaga her gjeld både materielle endringar, lovfesting av gjeldande praksis og mindre, tekniske

endringar i lovteksten. Til dels vil endringane medverke til å betre likestilling mellom kjønna.

Kapittel 4 i folketrygdloven (dagpengekapittelet) og sysselsetjingsloven blei endra 28. juni 1996. Endringane tok til å gjelde 1. januar 1997. Ny lov om folketrygd blei sett i kraft 1. mai 1997. Då den nye folketrygdloven tok til å gjelde, blei den tidlegare folketrygdloven av 17. juni 1966 oppheva, med unntak av kap. 4. Frå dette tidspunktet eksisterte det derfor to «folketrygdlovar». På bakgrunn av dette blei det 7. mai 1998 vedtatt endringar i folketrygdloven som medførte at kap. 4 blei inkorporert i den nye loven, samstundes som folketrygdloven av 17. juni 1966 blei oppheva. Det blei og gjort enkelte avklaringar mellom reglane om dagpengar og reglane i dei andre kapitla i folketrygdloven, mens reglar som utilsikta hadde falt ut ved lovrevisjonen i 1996, blei tekne inn att. Endringane tok til å gjelde 1. oktober 1998.

Hovudformålet med lovendringa i 1998 var å inkorporere kap. 4 i resten av folketrygdloven. På bakgrunn av dette var det i liten grad rom for materielle endringar eller tekniske endringar av ein annan karakter enn det som var heilt naudsynt ut ifrå hovudformålet. Både under arbeidet med dei nemnde lovendringane og ut frå erfaringar som er gjort ved praktiseringa av regelverket, har det vist seg å vere behov for endringar i folketrygdloven kap. 4 på fleire punkt.

I tillegg foreslår departementet enkelte endringer når det gjeld dagpengar til delvis sysselsette, mellom anna som følge av dei endringane som blei gjort hausten 2002.

2 Høyringa

Høyringsnotat om forslaga om endringer i dagpengeregelverket blei sendt på høyring 15. mai 2003, til 30 høyringsinstansar. Fristen for å komme med høyringsuttalingar var sett til 15. august 2003. Følgjande instansar har hatt merknader til forslaga:

Aetat Arbeidsdirektoratet, Landsorganisasjonen (LO), Handels- og servicenæringens hovudorganisasjon (HSH), Kommunenes sentralforbund (KS), Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) dåverande Sosialdepartementet og Likestillingsombudet. Merknadene blir presenterte i samband med dei enkelte endringsforslaga.

Gjennomgåande er høyringsinstansane positive til endringsforslaga, men er noko skeptiske til endringer som kan føre til at nokon kjem dårlegare ut økonomisk enn etter gjeldande reglar. Forslaga er likevel ikkje endra etter høyringa. Unntak gjeld forslaget om å utvide dagpengegrunnlaget, som er noko justert i forhold til høyringsforslaget, sjå kapittel 3.1.3.

Forslaget om å utvide unntaksregelen i folketrygdloven § 4–16 er ei oppfølging av endringa i likestillingsloven 1. juli 2002, og medverkar til å styrke vernet om gravide. Endringa vil gjere det mogleg å ta eit stønadsforhold opp att etter reglane i folketrygdloven § 4–16, sjølv om det er gått meir enn 52 veker, dersom det forlenga opphaldet skuldast sjukdom som følgje av graviditet. Forslaget er nytt i forhold til høyringsforslaget, sjå kapittel 3.5.

Nye er også forslaga om terminologiske endringer i folketrygdloven kapittel 4, sjå kapittel 5.3.

3 Forslag om materielle endringer

3.1 Fleire lønnssubstitutt reknast med i dagpengegrunnlaget – folketrygdloven § 4–11

3.1.1 Innleiing

Departementet foreslår at omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar jf. folketrygdloven kap. 9 og svangerskapspengar jf. folketrygdloven kap. 14 blir tekne med i det inntektsgrunnlaget dag-

pengane blir berekna på grunnlag av (dagpengegrunnlaget).

3.1.2 Gjeldande rett

Dei ytingane som etter gjeldande § 4–11 er med i dagpengegrunnlaget, er i tillegg til arbeidsinntekt og dagpengar under arbeidsløyse, sjukepengar og fødsels- og adopsjonspengar etter folketrygdloven. Dette er ytingar som blir rekna som lønnssubstitutt.

3.1.3 Vurderingar og forslag til endringer

Dagpengane bør i størst mulig grad gjenspeile den normale årsinntekta ein medlem har hatt før han eller ho blei arbeidslaus.

Når det gjeld svangerskapspengar jf. folketrygdloven § 14–13, viser departementet til at dette er eit lønnssubstitutt på lik linje med dei ytingane som allereie blir rekna med i dagpengegrunnlaget. Det er ikkje grunnlag for ei ulik behandling av desse ytingane.

Forslaget får støtte frå alle høyringsinstansane som har uttalt seg.

I tillegg til desse ytingane foreslår departementet at også omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar jf. folketrygdloven kap. 9 blir rekna med i dagpengegrunnlaget. Desse ytingane kan i nokon grad samanliknast med sjukepengar.

Departementet finn ikkje noko grunnlag for å behandle nokon av desse ytingane annleis enn dei ytingane som etter gjeldande rett reknast med i dagpengegrunnlaget.

Departementet foreslo i høyringsnotatet å utvide dagpengegrunnlaget også med rehabiliteringspengar og attføringspengar. I samband med høyringa blei det foreslått at også vartpengar, venteløn og tidsavgrensa uførestønad blei inkludert. Desse ytingane kan ikkje på same måte som dei ytingane som no inngår i grunnlaget, direkte reknast som lønnssubstitutt. Særleg gjeld dette dei helserelaterte ytingane, som heller ikkje på same måte vil vere knytte til eit arbeidsforhold. I tillegg vil ei utviding av dagpengegrunnlaget med desse ytingane føre til ei høgare utbetaling, noko som kan redusere insentiva til å komme raskt i arbeid.

Departementet foreslår etter dette nå å endre § 4–11 andre ledd tredje punktum slik at omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar jf. folketrygdloven kap. 9 og svangerskapspengar jf. folketrygdloven kap. 14 blir rekna med i dagpengegrunnlaget.

3.2 Oppheving av avrundingsregelen ved berekning av dagpengegrunnlaget – folketrygdloven § 4–11

3.2.1 Innleiing

Departementet foreslår at reglane om avrunding av dagpengegrunnlaget blir oppheva.

3.2.2 Gjeldande rett

§ 4–11 gjeld fastsetjing av dagpengegrunnlaget. Fjerde og femte ledd gjeld justering av grunnlaget i forhold til grunnbeløpet i folketrygda i tida fram til krav om dagpengar blir sett fram. Grunnlaget blir deretter avrunda til nærmeste 1 000 kroner. Avrundinga kan skje både oppover og nedover og slår derfor tilfeldig ut for den enkelte medlemen.

3.2.3 Vurderingar og forslag til endringar

Sidan all berekning no skjer maskinelt, treng ein ikkje særskilte avrundingsreglar. Ein fant heller ikkje grunn til å fastsetje ein slik avrundingsregel i samband med dei nye berekningsreglane for attføringspengar etter folketrygdloven kapittel 11, som elles blir berekna etter dei same prinsippa som dagpengar. Ved berekning av attføringspengar blir grunnlaget avrunda etter alminnelege reglar. Det bør gjelde like avrundingsreglar for dei to ytingane.

Alle dei høyringsinstansane som har uttalt seg, støtter endringsforslaget.

Departementet foreslår å oppheve avrundingsreglane i § 4–11 tredje og fjerde ledd.

3.3 Endring av berekningsmåten for arbeidstidsreduksjon – § 4–13

3.3.1 Innleiing

Departementet foreslår å endre folketrygdloven § 4–13 slik at kravet om arbeidstidsreduksjon blir berekna i forhold til arbeidstida i ein 14-dagarsperiode (meldeperiode) i staden for ei veke.

3.3.2 Gjeldande rett

Etter folketrygdloven § 4–13 andre ledd blir dagpengane graderte i forhold til arbeidstidsreduksjonen pr. veke. Det vil seie at kravet om minst 50 prosent redusert arbeidstid må være oppfylt kvar veke for at ein skal ha rett til dagpengar. Unntak gjeld personar som arbeider i fast turnus med variabel arbeidstid pr. veke, og personar som arbeider meir enn vanleg arbeidstid den eine veka i ein meldeperiode og under vanleg arbeidstid den andre, jf. § 4–13 tredje og fjerde ledd.

Ein vanleg og praktisk måte å arbeide i 50 prosentstilling på er å arbeide tre dagar ei veke og to dagar den neste. I eit arbeidsforhold kor vanleg arbeidstid pr. veke er 37,5 timer vil desse delvis ledige berre ha rett til dagpengar i anna kvar veke etter gjeldande reglar, sidan nedgangen i arbeidstida berre er på 40 prosent dei vekene dei arbeider tre dagar. For desse vil verknaden av at kravet til arbeidstidsreduksjon blei endra frå 40 til 50 prosent 1. januar 2003, vere eit krav om minst 60 prosent reduksjon. Ein kan ikkje vente at den enkelte deltidsarbeidande sjølv skal tilpasse seg regelverket her, t.d. ved å arbeide to og ein halv dag pr. veke eller anna kvar veke. Ei slik tilpassing krev medverknad og velvilje frå arbeidsgjevaren, i tillegg til at tilpassinga må være praktisk mogleg t.d. ut ifrå kva som trengst på arbeidsplassen.

For å hindre denne verknaden legg Aetat til grunn ein særskild praksis for dei delvis sysselsatte som arbeider nøyaktig 50 prosent av si vanlege arbeidstid. Praksisen går ut på at for desse tilfella blir den gjennomsnittlege faktiske arbeidstida i meldeperioden (to veker) lagt til grunn for kvar av vekene. Dette inneber at det blir utbetalt 50 prosent dagpengar for kvar veke, sjølv om ein faktisk arbeider 40 prosent ei veke og 60 prosent den andre. Dette blir gjort fordi desse personane elles ville kunne komme dårlegare ut enn kva som var intensjonen med regelendringa.

Ein konsekvens av at dagpengane blir graderte veke for veke er at ein delvis arbeidslaus kan få dagpengar sjølv om arbeidstida ikkje over tid er redusert med 50 prosent (40 prosent jf. tidlegare reglar). Det er grunn til å stille spørsmål ved om dette fullt ut er i tråd med intensjonen i loven.

3.3.3 Vurderingar og forslag til endringar

Bakgrunnen for behovet for å endre i berekningsmåten for arbeidstidsreduksjon er først og fremst at kravet om arbeidstidsreduksjon på 50 prosent av arbeidstida pr. veke fører til at mange delvis sysselsatte ikkje fyller vilkåra for rett til dagpengar sjølv om arbeidstida faktisk er tilstrekkeleg redusert. Den praksisen Aetat legg til grunn for personar med nøyaktig 50 prosent arbeidstidsreduksjon har ikkje tilstrekkeleg støtte i lovens ordlyd. Sjølv om løysninga er rimeleg, er ordninga ikkje tilfredsstillande over tid.

Det endra kravet til arbeidstidsreduksjon har ein annan uheldig verknad i tillegg til verknaden som er nemnd i kapittel 3.3.2, som gjeld personar med arbeidstid pr. veke som ikkje ender på heile eller halve timar. Meldekorta blir tolka maskinelt, og berre heile og halve timer blir oppfatta. Dette inne-

ber at dei som har 37,5 timer som vanleg arbeidstid og arbeider 2,5 dagar pr. veke, ikkje kan føre opp faktisk arbeidde timer på 18,75 pr. veke på meldekortet. Dei kan heller ikkje føre opp 18,5 timer den eine veka og 19 den andre. Det ville føre til at det ikkje blei utbetalt dagpengar den veka dei har ført 19 timer, sidan dette er meir enn 50 prosent av vanleg arbeidstid. Aetat gir derfor instruksjon til personar som dette er aktuelt for, om at dei må føre opp 18,5 timar pr. veke.¹

Dei problema som er nemnde ovanfor, kan løysast ved å endre folketrygdloven § 4–13 slik at kravet om arbeidstidsreduksjon blir berekna i forhold til arbeidstida i ein 14-dagarsperiode i staden for ei veke.

Etter departementet si oppfatning vil ei gjenomsnittleg berekning, der meldeperioden på to veker sjåast under eitt, gi eit meir riktig inntrykk av sysselsetjingssituasjonen og eit betre bilde av den faktiske arbeidstidsreduksjonen, enn når ein ser på ei enkelt veke isolert. Berekning i forhold til meldeperioden inneber dermed ei meir korrekt tolking av kravet om minst 50 prosent arbeidstidsreduksjon.

Dagpengane blir dessutan utbetalte for to veker av gangen, og ei berekning som gjenspeiler dette er etter departementets oppfatning mest føremålstentleg. Ei slik endring vil også innebære ei harmonisering med regelverket for berekning av attføringspengar etter folketrygdloven kap. 11.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon meiner at endring av berekningsmåten vil føre til at nokon kjem dårlegare ut økonomisk enn andre, og går derfor imot forslaget på prinsipielt grunnlag. Departementet legg til grunn at endringa slår ut til gunst for nokon, og til ugunst for andre. Det er ikkje haldepunkt for å tru at det er fleire som kjem dårleg ut enn som kjem betre ut etter endringa.

Handels- og servicenæringens hovedorganisasjon er imot endringa dersom ho fører til at arbeidstakarar i større grad tilpassar seg slik at dei berre vil arbeide i inntil 50 prosent i gjennomsnitt i ein meldeperiode. Det er grunn til å tru at både arbeidstakarar og arbeidsgjevarar vil tilpasse seg den nye berekningsmåten, utan at det er mogleg å seie noko om effekten av dette. På bakgrunn av det som er nemnd ovanfor om kva som gir det beste bildet av arbeidssøkjarens arbeidstid, kan ikkje departementet sjå vesentlege problem med at arbeidstakarar vil tilpasse seg 50 prosent arbeid i forhold til ein meldeperiode. Vilkåret for retten til dagpengar er framleis minst 50 prosent reduksjon av arbeidstida.

LO meiner at ein må undersøkje korleis kravet om arbeidstidsreduksjon slår ut for dei ulike arbeidstakargruppene, før ein lovfester ein ny praksis. Som det går fram ovanfor, vil ein endra berekningsmåte innebære at dei som arbeider mykje kan risikere å miste dagpengene, mens dei som arbeider mindre, vil kunne komme betre ut. Det viktigaste må vere at graderingsreglane så godt som mogleg byggjer opp under hovudvilkåret om ein arbeidstidsreduksjon på minst 50 prosent. Dette kravet gjeld uavhengig av arbeidstakargruppene.

Dei andre høyringsinstansane som har uttalt seg, støtter forslaget.

Departementet foreslår på bakgrunn av dette å endre § 4–13 andre ledd slik at graderte dagpengar blir berekna i forhold til tapt arbeidstid i meldeperioden.

3.4 Graderte dagpengar under arbeidsløyse i samband med arbeidsinntekt frå utøving av tillitsverv, omsorgsarbeid o.l. – Ny forskriftsheimel i folketrygdloven § 4–13 sjette ledd

3.4.1 Innleiing

Departementet foreslår ein ny heimel til å gi forskrift i medhald av folketrygdloven § 4–13. Ein slik forskriftsheimel vil m.a. opne for høve til å fråvike gjeldande regelverk for graderte dagpengar dersom arbeidsinntekt frå utøving av politiske tillitsverv, utøving av tillitsverv i visse typar allmenntjenlege organisasjonar eller omsorgsarbeid som gir rett til kommunal omsorgslønn, fører til at dagpengane blir reduserte med eit større beløp enn denne inntekta.

3.4.2 Gjeldande rett

Medlemer som er delvis arbeidslause og får mindre arbeidsinntekt fordi arbeidstida pr. veke er redusert, kan få graderte dagpengar etter folketrygdloven § 4–13. Graderte dagpengar ytast også til medlemmer som er delvis arbeidslause fordi dei ikkje er fullt sysselsette, eller er delvis permitterte. Det er eit vilkår for rett til graderte dagpengar at arbeidstida er redusert med minst 50 prosent pr. veke. Graderinga reknes i forhold arbeidstida, ikkje inntekta. Dagpengane blir gitt med den same prosentsatsen av full stønad som reduksjonen i arbeidstida utgjer i forhold til den tidlegare vanlege arbeidstida.

3.4.3 Vurderingar og forslag til endringar

Arbeidsinntekta frå tillitsverv i politiske parti/organ, burettslag, visse typar allmenntjenlege organisa-

¹ Vanleg arbeidstid på 37,5 timar er mest vanleg. Problemet med avrunding vil vere det same når avrundinga fører til at ein kjem over terskelen for 50 pst. arbeidstid, uavhengig av om den vanlege arbeidstida er 37,5 timer, 25,5 timer, osv.

sjonar samt frå omsorgsarbeid som gir rett til kommunal omsorgslønn, er i mange høve lavt lønna i forhold til den tida som blir nytta på arbeidet. At graderinga etter gjeldande reglar skjer i forhold til arbeidstid og ikkje inntekt, kan gi små økonomiske insentiv til å yte ein ekstra innsats, fordi lønna her ofte er mykje lågare pr. time enn dagpengane. Jo høgare dagpengegrunnlag, jo større blir det økonomiske tapet, og lettare vil det være å velje bort slike verv.

Følgjande døme illustrerer dette: Ein medlem med dagpengar blir lønna med kr 400 for å delta i eit kommunestyremøte som varar i åtte timer. Graderinga blir berekna etter arbeidstid, og på meldeskortet for dagpengar skal medlemmen føre opp åtte timer med arbeid. Det fører til at dagpengane blir kutta med ein heil dag. Maksimal dagsats for dagpengar er kr 847 (2004). Om medlemmen har maksimal stønadsats, blir tapet i dette tilfellet kr 447 per dag.

Departementet meiner det er viktig at ein medlem kan halde fram med tillitsverv og liknande engasjement mens han/ho mottek dagpengar. Departementet foreslår derfor ein heimel til å fastsette forskrifter som gjer det mogleg å fråvike gjeldande regelverk for graderte dagpengar i enkelte tilfelle.

Ein kan ha godtgjersle/arbeidsinntekt frå frivillig innsats på ulike område, frå tillitsverv i politiske organ, burettslag, velforeiningar og andre frivillige organisasjonar. Arbeidsinntekta står ofte i rimeleg høve til den tida som blir nytta, og gir dermed som oftast like god eller betre betaling enn dagpengane, men kan variere etter storleiken på kommunen/fylkeskommunen eller styret/laget, økonomi og arbeidsmengde. Arbeidslause med omsorgslønn i tillegg til dagpengane, vil også i mange tilfelle ha låg arbeidsgodtgjersle i forhold til dei stipulerte arbeidstimane.

Departementet gjer merksam på at det berre er inntekt som skriv seg frå utføring av desse verva, som skal kunne gi grunnlag for særskilde reglar for gradering, og ikkje t.d. låg lønn frå ordinært arbeid. Det er heller ikkje meininga at all frivillig, samfunnsstenleg innsats skal vere omfatta av dei særskilde graderingsreglane. Det er først og fremst den typen innsats som den enkelte på det næraste er forplikta til å gjere, t.d. politiske verv, omsorg for nære pårørande eller liknande sterke, sosiale plikter, ein tar sikte på å regulere. Ein del ulønna arbeid av sosial karakter kan etter gjeldande regelverk gjerast mens ein får dagpengar utan at desse blir reduserte, jf. dagpengeforskrifta § 4–3. Regelverket for slikt arbeid blir ikkje endra.

På same måte som anna inntektsgjevande arbeid, fører arbeid med slike verv til ei auke i ar-

beidstida. Fører arbeidet til at ein medlem har arbeidstid, fell retten til dagpengar bort, jf. § 4–13 andre ledd. Departementet presiserer at kravet til arbeidstidsreduksjon framleis skal gjelde for dei som har arbeidsinntekt frå den type arbeidsinnsats som her er omtalt.

Departementet legg til grunn at dei særskilde graderingsreglane skal praktiserast restriktivt.

Alle høyringsinstansane som har uttalt seg, støtter forslaget.

Heimel til å gi forskrift blir foreslått tatt inn i folketrygdloven § 4–13.

3.5 Utvida rett til gjenopptak av stønadsperioden i samband med graviditetsrelatert sjukdom – folketrygdloven § 4–16

3.5.1 Innleiing

Departementet foreslår å utvide retten til å ta opp att stønadsforhold i tilfelle kor ei gravid kvinne har hatt avbrot i stønadsperioden dersom årsaka er sjukdom som heng saman med at ho er gravid.

3.5.2 Gjeldande rett

I medhald av folketrygdloven § 4–16 kan ein stønadmottakar ta opp att eit stønadsforhold når han eller ho har hatt avbrot i perioden i inntil 52 veker, utan ny prøving av kravet om minsteinntekt, utan nye ventedagar og utan at dagpengegrunnlaget blir fastsett på ny. Unntak gjeld når avbrotet skuldast at medlemmen har avtent verneplikt eller har deltatt i arbeidsmarknadstiltak, jf. folketrygdloven § 4–16 andre ledd, og melder seg til Aetat innan ei veke etter at verneplikta eller tiltaket er avslutta. Stønadmottakarar som er under utdanning har berre rett til å ta opp att stønadsforholdet når avbrotet har vore inntil 12 veker.

Regelen er grunnlagt med at det er naturleg å ha avbrot i løpet av ein stønadsperiode, og m.a. omsynet til ei enkel saksbehandling taler for at ein skal sleppe å setje fram nytt krav om dagpengar etter mellombelse avbrot. Den maksimale avbrotstiden blei sett til 52 veker mellom anna av omsyn til at dagpengemottakarar skulle kunne tre inn att i den same dagpengeperioden etter fødselspermisjon i 52 veker.

3.5.3 Vurderingar og forslag til endringar

Gjennom endringane i likestillingsloven 1. juli 2002 blei vernet for gravide styrka. I likestillingsloven § 3 andre ledd pkt. 2 går det fram at ei handling som

«setter en kvinne i en dårligere stilling enn hun ellers ville ha vært på grunn av graviditet eller fødsel»

reknes som direkte diskriminerande. Etter likestillingsombodet si oppfatning må graviditetsrelatert sjukdom i denne sammenhengen bli behandla likt med graviditet.

Likestillingsombodet meiner regelen om maksimal avbrottsperiode i folketrygdloven § 4–16 verkar diskriminerande for kvinner som får avbrot i dagpengeperioden på meir enn 52 veker som følgje av sjukdom som skuldast graviditeten, fordi desse ikkje frivillig har vald eit forlenga avbrot. Ombodet meiner at å ikkje ta omsyn til graviditetsrelatert sjukdom i samband med avbrottsperioden etter § 4–16, vil innebere direkte diskriminering av kvinner etter likestillingsloven.

Likestillingsombodet har bede departementet om å vurdere å endre regelverket slik at det ikkje lenger verkar diskriminerande.

På bakgrunn av dette foreslår departementet at sjukdom som har si direkte årsak i graviditet, også kan gi grunnlag for unntak frå 52-vekersregelen i folketrygdloven § 4–16 første ledd jf. andre ledd, slik som ved avbrot som skuldast verneplikt eller arbeidsmarknadstiltak.

Det visast til forslaget til endring av folketrygdloven § 4–16 andre ledd.

3.6 Tidsavgrensa bortfall av dagpengar i dei tilfella kor medlemene lar vere å møte opp ved Aetat lokal – folketrygdloven § 4–20

3.6.1 Innleiing

Departementet foreslår at tidsavgrensa bortfall av retten til dagpengar når ein medlem lar vere å møte ved Aetat etter innkalling, blir sett til fire veker.

3.6.2 Gjeldande rett

Med heimel § 4–20 første ledd bokstav e kan ein medlem miste retten til dagpengar i ein avgrensa periode når han/ho lar vere å møte ved Aetat etter ei innkalling, og han/ho ikkje har ein rimeleg grunn for dette. I § 4–20 fjerde ledd går det fram at bortfallsperioden kan vere åtte eller tolv veker eller seks månader, avhengig av om andre forhold som nemnd i § 4–20 første ledd, har funne sted.

3.6.3 Vurderingar og forslag til endringar

Bortfall av dagpengane i åtte veker (minste bortfallsperiode) har store konsekvensar for dei fleste

medlemenes økonomiske situasjon. Ein kan stille spørsmål om dei moglege reaksjonane etter § 4–20 er for strenge når det gjeld dei tilfella der ein «berre» lar vere å møte etter innkalling til Aetat lokal. Det å ikkje møte etter innkalling til Aetat kan ikkje fullt ut sidestillast med å ikkje ta i mot tilbod om arbeid eller arbeidsmarknadstiltak. I sistnemnde tilfelle skjer ei aktiv nekting i forhold til eit konkret tilbod, mens å la vere å møte opp etter ei generell innkalling meir har preg av passivitet. Sett i ei arbeidsmarknadssamanheng, må ein dessutan kunne leggje til grunn at det vil vere viktigast å reagere mot nekting av å ta imot tilbod om arbeid eller tiltak. Vidare kan det forholdet at det blir reagert vere viktigare enn kva reaksjonen er.

Forslaget til endring av reaksjon ved manglande frammøte må sjåast i samanheng med avgjerdene i dei såkalla «postsakene» i Trygderetten. Dette er avgjerder kor Trygderetten oppheva Aetat sine vedtak om tidsavgrensa bortfall ved manglande oppmøte fordi ein ikkje kunne vere sikker på at innkallinga faktisk var kome fram til den arbeidssøkjande. I Aetat blei ein uvisst med omsyn til korleis ein skulle praktisere reglane om tidsavgrensa bortfall i slike tilfelle, etter desse avgjerdene. Trygderetten har ikkje hatt ein eintydig praksis når det gjelder liknande saker, heller ikkje etter at Trygderetten frå 1999 også har kunna prøve fakta i sakene. Departementet meiner likevel at ein treng å revurdere reaksjonane etter § 4–20, m.a. fordi ein for streng reaksjon kan føre til at ein lar vere å bruke han. Sett i samanheng med økte aktivitetskrav og krav om betre oppfølging av arbeidssøklarane frå Aetat, kan ein slik ikkje-bruk også vere uheldig.

Når det gjeld alternative reaksjonsformer i dei tilfella kor ein medlem ikkje møter opp etter innkalling, verkar det mest aktuelt å gi tidsavgrensa bortfall for eit kortare tidsrom enn det som no gjeld etter § 4–20. Departementet foreslår derfor å innføre ein heimel for å differensiere lengda på bortfallsperioden i dei tilfella kor innkallinga ikkje kan likestillast med eit tilbod om arbeid eller tiltak.

Det kan hevdast at reduserte sanksjonar kan føre til svekka insentiv til aktivt å vere arbeidssøklar. Departementet meiner at risikoen for ein ikkje-bruk inneber ein større fare for svekka insentiv. Bortfall av dagpengar i minst åtte veker kan utan omsyn til insentivverknader likevel vere ein for streng administrativ reaksjon.

Departementet foreslår etter dette at bortfallsperioden i slike tilfelle blir sett til fire veker, og at det i desse tilfella ikkje kan gis strengare reaksjon enn bortfall i tolv veker.

3.7 Samordning av dagpengar og svangerskapspengar – folketrygdloven §§ 4–24 og 4–25

3.7.1 Innleiing

Departementet foreslår å presisere heimelen i § 4–24 om samordning av dagpengar med fulle svangerskapspengar. Vidare foreslår departementet å gi heimel for å samordne dagpengar med reduserte svangerskapspengar.

3.7.2 Gjeldande rett

Det følgjer av folketrygdloven § 14–13 at ei kvinne har rett til svangerskapspengar dersom ho etter reglar i lov eller forskrift blir pålagd å slutte i arbeidet fordi ho er gravid, og det ikkje er mogleg å omplassere henne til eit anna høveleg arbeid i verksemda. Fråveret under svangerskapet må føre til tap av pensjonsgjevande inntekt. Svangerskapspengar ytast frå det tidspunktet kvinna er pålagd å slutte i arbeidet, og fram til tre veker før fødselen.

Det er det spesielle med det aktuelle arbeidet som gir rett til svangerskapspengar. Ei kvinne som blir pålagd å slutte i arbeidet fordi ho er gravid, kan derfor være i stand til å ta ei anna type arbeid i den tida ho mottok svangerskapspengar. Ho vil da kunne reknast som reell arbeidssøkjare og vil kunne fylle vilkåra for rett til dagpengar under arbeidsløyse i den same perioden som ho oppfyller vilkåra for rett til svangerskapspengar. Samordningsreglane i folketrygdloven kap. 4 regulerer ikkje eksplisitt forholdet til svangerskapspengar.

Det følgjer av folketrygdloven § 4–24 første ledd at ein medlem som har rett til dagpengar under arbeidsløyse, og samstundes fyller vilkåra for rett til ei anna yting til livsopphald etter folketrygdloven som skal dekke same inntektstap i same tidsrom, kan velje kva for ei yting han eller ho vil ha. Regelen er eit uttrykk for det generelle prinsippet i trygdelovgivinga om at den som på same tid fyller vilkåra for fleire fulle ytingar, kan velje den mest gunstige. Dette inneber at ei kvinne som på same tid fyller vilkåra for dagpengar under arbeidsløyse og svangerskapspengar kan velje ei av ytingane, men ho kan ikkje få begge ytingane samstundes.

I § 4–24 andre ledd er det lista opp ein del trygdeytingar som fører til bortfall av retten til dagpengar. I motsetnad til m.a. fødsels- og adopsjonspengar er svangerskapspengar ikkje nemnd særskilt her. Etter folketrygdloven § 4–25 første ledd skal dagpengane bli reduserte dersom medlemen har rett til dei reduserte ytingane frå folketrygda som er nemnd i § 4–25 andre ledd. I motsetnad til m.a. fødsels- og adopsjonspengar er svangerskapspen-

gar ikkje nemnd her. Dette inneber at kvinna vil kunne få reduserte svangerskapspengar på same tid som ho får fulle dagpengar, noko som vil seie at ho vil kunne få meir enn 100 prosent ytingar til livsopphald.

3.7.3 Vurderingar og forslag til endringer

Det følgjer som nemnd allereie av § 4–24 første ledd at dagpengane vil falle bort dersom kvinna vel å få svangerskapspengar. Av informasjonsomsyn finn departementet det likevel føremålstenleg å ta svangerskapspengar med i oppstillinga i § 4–24 andre ledd bokstav e.

Det er etter gjeldande rett heimel for å samordne fulle svangerskapspengar med dagpengar, og departementet kan ikkje sjå at det er nokon grunn for at reduserte svangerskapspengar ikkje skal samordnast med dagpengar på same måte som t.d. reduserte sjukepengar og fødselspengar. Folketrygdloven § 4–25 første ledd bokstav e bør derfor endrast, slik at ein kan samordne dagpengar under arbeidsløyse med reduserte svangerskapspengar. Ingen av dei høyringsinstansane som har uttalt seg, har hatt innvendingar mot dette forslaget.

3.8 Samordning mellom dagpengar under arbeidsløyse og redusert uførepensjon – folketrygdloven §§ 4–25 og 4–26

3.8.1 Innleiing

Departementet foreslår å endre samordningsreglane for dagpengar og uførepensjon/tidsavgrensa uførestønad etter folketrygdloven §§ 4–25 og 4–26, slik at det for kvilande pensjonsrett blir samordna med utgangspunkt i verknadstidspunktet og ikkje i uføretidspunktet.

3.8.2 Gjeldande rett

Etter folketrygdloven § 4–25 bokstav d og § 4–26 bokstav c skal dagpengar samordnast med redusert tidsavgrensa uførestønad og uførepensjon når desse ytingane er gitt med uføretidspunkt i inneverande år eller innanfor dei to føregåande åra. Bakgrunnen for dette er at medlemene ikkje skal kunne få dobbelt dekning for inntektstapet fordi same inntekt er med i grunnlaget både for dagpengar og uførepensjon. § 4–25 gjeld samordning med reduserte folketrygdytingar og § 4–26 bokstav c gjeld samordning med ytingar frå (anna) offentleg pensjonsordning.

Etter at reglar for samordning av dagpengar og

reduisert uførepensjon frå folketrygda kom, er reglane for redusert uførepensjon frå folketrygda endra fleire gonger. M.a. blei det i 1994 vedtatt ein regel om kvilande pensjonsrett.

Uførepensjonen kan revurderast og ein uførepensjonist som tek meir arbeid enn kva restinntektsevna tilseier, kan settes «kvilande», jf. folketrygdloven § 12–12 tredje ledd. Kvilande pensjonsrett kan anten gis så lenge tidsavgrensa arbeidstrening er godkjent av Aetat, eller når uførepensjonisten begynner i lønna arbeid eller startar verksemd i inntil tre år. Dette vil seie at det er mogleg for ein person med til dømes 50 pst. uførepensjon, å arbeide i full stilling i nokre år. Etter arbeidstidas utløp tas uførepensjonen opp att med nytt *verknadstidspunkt*, men ikkje nytt *uføretidspunkt*. Dersom medlemen sett fram krav om dagpengar etter at han eller ho har teke opp att den kvilande pensjonsretten, vil uføretidspunktet ligge så langt attende i tid at ytinga etter gjeldande regler ikkje skal samordnast. Dette gir overkompensasjon for bortfall av arbeidsinntekt sidan medlemen vil ha rett til 50 prosent uførepensjon samstundes som han eller ho vil få 100 prosent dagpengar.

3.8.3 Vurderingar og forslag til endringar

For å hindre overkompensasjon foreslår departementet å endre reglane i folketrygdloven § 4–25 bokstav d og § 4–26 bokstav c slik at det blir mulig å samordne dagpengane med redusert uførepensjonen etter at den kvilande pensjonsretten er teken opp att.

Funksjonshemmedes fellesorganisasjon går imot endringa på prinsipielt grunnlag, fordi det vil føre til at ei svak gruppe kjem dårlegare ut enn etter gjeldande rett. Departementet viser at det prinsipielt ikkje bør vere mogleg å få meir enn full kompensasjon for tap av inntekta samanlikna med andre. Vidare viser departementet til at det i praksis er svært få som samstundes mottok delvis uførepensjon og graderte dagpengar.

Dei andre høyringsinstansane som har uttalt seg, støtter forslaget.

Departementet foreslår å endre reglane slik at det for kvilande pensjonsrett blir samordna med grunnlag i verknadstidspunktet og ikkje i uføretidspunktet.

4 Endringsforslag som i hovudsak inneber lovfesting av gjeldande praksis

4.1 Presisering av kravet til arbeidstidsreduksjon – folketrygdloven § 4–3

4.1.1 Innleiing

Departementet foreslår at det i § 4–3 klart skal gå fram at ein arbeidstidsreduksjon berre kan leggjast til grunn for ein stønadsperiode.

4.1.2 Gjeldande rett

Eit hovudvilkår for rett til dagpengar er at medlemen har hatt tilstrekkeleg arbeidsinntekt, jf. folketrygdloven § 4–4. Etter § 4–4 tredje ledd kan ein inntekt berre leggjast til grunn for ein full stønadsperiode. I praksis blir § 4–3 andre ledd tolka slik at ein arbeidstidsreduksjon berre kan leggjast til grunn for ein full stønadsperiode, sjølv om regelen ikkje går direkte fram av lovteksten.

4.1.3 Vurderingar og forslag til endringar

Regelen om at ein arbeidstidsreduksjon berre kan leggjast til grunn for ein full stønadsperiode er etter departementets oppfatning vel grunngitt ut i frå omsynet til formåla i dagpengeregelverket. Ei slik tolking av folketrygdloven § 4–3 andre ledd motverkar at delvis sysselsette skal kunne ha fleire stønadsperiodar i samanheng på grunnlag av den same arbeidstidsreduksjonen, og styrker med dette insentivet til full sysselsetjing. Tolkninga er etter departementet si oppfatning også fullt forsvarleg ut i frå intensjonane i folketrygdloven. Departementet meiner likevel at regelen har et slikt materielt innhald at den bør gå klart fram av lovteksten, slik som når det gjeld inntekt, jf. § 4–4 tredje ledd.

Ingen av dei høyringsinstansane som har uttalt seg, har hatt innvendingar mot dette forslaget.

Departementet foreslår på bakgrunn av dette å ta regelen inn i § 4–3 som eit nytt fjerde ledd.

4.2 Heimel for å fastsetje vanleg arbeidstid – folketrygdloven § 4–3

4.2.1 Innleiing

Departementet foreslår å gi heimel i § 4–3 til å fastsette forskrifter om fastsetjing av vanleg arbeidstid.

4.2.2 Gjeldande rett

Etter folketrygdloven § 4–3 er det eit vilkår for rett til dagpengar at arbeidstida er redusert med minst 50 prosent i forhold til arbeidstida slik ho var før ho blei redusert. Fastsetjing av vanleg arbeidstid har først og fremst noko å seie for dagpengane til dei delvis arbeidslause, sidan dagpengane til desse blir graderte etter hans eller hennar vanlege arbeidstid. Lovteksten gir ikkje retningslinjer for kva som reknast som vanleg arbeidstid, ut over at det er arbeidstida forut for arbeidstidsreduksjonen som skal leggjast til grunn.

I praksis er hovudregelen at arbeidstida i følge den siste arbeidsavtale forut for arbeidstidsreduksjonen blir lagt til grunn for fastsetjinga av den vanlege arbeidstida. For om lag 75 prosent av tilfella vil dette gi eit riktig bilde av den arbeidstida den arbeidslause har hatt. I dei resterande tilfella må den vanlege arbeidstida reknast ut i frå andre kriterium, t.d. fordi ein ikkje har ei avtale som seier noko om kva arbeidstida har vore, eller fordi avtale ikkje stemmer med den faktiske arbeidstida.

4.2.3 Vurderingar og forslag til endringar

Fastsetjing av vanleg arbeidstid er avgjerande for dei delvis sysselsette sin rett til graderte dagpengar. Dette tilseier at reglar om korleis ein finn fram til kva som reknast som vanleg arbeidstid, bør vere formelt regulerte. Ei formell regulering sikrar i tillegg ein klar og eintydig praksis.

§ 4–3 andre ledd gir ikkje heimel for å gi forskrifter om berekninga av vanleg arbeidstid, og departementet foreslår å ta inn ein slik heimel i loven. Vidare foreslår departementet å utarbeide ei forskrift om fastsetjing av vanleg arbeidstid, kor ein i større grad enn etter gjeldande praksis legg vekt på kor sterkt medlemene har vore knytte til arbeidslivet i tida forut for arbeidstidsreduksjonen.

Kommunenes Sentralforbund meiner at ein framfor å fastsetje reglar om vanleg arbeidstid i forskrift, heller burde setje i gang arbeid med sikte på å finne eit eins prinsipp for fastsetjing og gradering av folketrygdytingar, som ikkje er avhengig av om det er trygdekontoret eller Aetat som forvaltar ytinga. *Kommunenes Sentralforbund* viser vidare til at ei forskriftsfesting vil føre til at regelverket blir meir fragmentert.

Departementet viser til at dei ulike trygdeytningane har ulike formål, og at det derfor ikkje alltid er naturleg å fastsetje dei etter like prinsipp. Departementet meiner vidare at alternativet til ei forskriftsregulering vil vere å regulere fastsetjing av vanleg

arbeidstid i loven. Dette ville føre til ei detaljregulering på eitt område, som ikkje samsvarer med det systemet som elles gjeld i folketrygdloven kapittel 4. Eksisterande forskrift om dagpengar regulerer allereie ei rekke spørsmål som det ikkje er naturleg å ta inn i sjølve loven.

Dei andre høyringsinstansane støtter forslaget om forskriftsregulering, eller har ikkje merknader til det.

Departementet foreslår å ta ein forskriftsheimel inn i § 4–3 som nytt fjerde ledd.

4.3 Klargjøre heimel for dagpengar for medlemmer i arbeidsmarknadstiltak-folketrygdloven § 4–6

4.3.1 Innleiing

Departementet foreslår ei presisering av heimelen for å gi forskrift om dagpengar ved deltaking i arbeidsmarknadstiltak.

4.3.2 Gjeldande rett

I § 4–6 gis departementet heimel til å fastsette forskrifter om rett til dagpengar i samband med kortvarig utdanning. Med heimel i denne paragrafen er det i dagpengeforskrifta gitt reglar om rett til dagpengar for dei som tek del i arbeidsmarknadstiltak. Ordlyden her blei endra i samband med fastsetjing av forskrift om arbeidsmarknadstiltak 20. desember 2001 nr. 1544.

4.3.3 Vurderingar og forslag til endringar

Det bør gå klart fram av § 4–6 at departementet har heimel til å gi forskrift om dagpengar under deltaking i arbeidsmarknadstiltak, og ikkje berre den generelle nemninga «kortvarig utdanning». Departementet foreslår å endre § 4–6 i samsvar med dette. Ingen av dei høyringsinstansane som har uttalt seg, har innvendingar mot forslaget.

4.4 Samordning mellom dagpengar under arbeidsløyse og avtalefesta pensjon – §§ 4–24 og 4–25

4.4.1 Innleiing

Departementet foreslår å endre folketrygdloven §§ 4–25 og 4–25. Det vil då gjelde dei same reglane for samordning av dagpengar og avtalefestet pensjon med og utan statstilskott, i samsvar med intensjonane i samordningsreglane.

4.4.2 Gjeldande rett

Etter § 4–24 fell retten til dagpengar under arbeidsløyse bort når ein person har full avtalefesta pensjon med statstilskott (AFP). Etter § 4–25 blir dagpengar under arbeidsløyse samordna med redusert avtalefestet pensjon med statstilskott (AFP). Formuleringa «avtalefestet pensjon med statstilskott» kom inn i dagpengeregelverket i samband med at ei slik ordning ble innført i privat sektor gjennom avtaler mellom partane i arbeidslivet. Like førtidspensjonsordningar blei seinare innførte også i kommunal og statleg verksemd. Desse ordningane får likevel ikkje statstilskott.

4.4.3 Vurderingar og forslag til endringar

Det har vore intensjonen at dei aktuelle reglane også skulle gjelde personar som har avtalefesta pensjonar i offentlig sektor, da det ikkje ligg føre grunner som taler for at disse skulle behandlast forskjellig frå personar i privat sektor. Det er også slik reglane er forstått og praktiserte i Aetat.

Departementet foreslår derfor å fjerne orda «med statstilskott» i §§ 4–24 og 4–25. Vidare bør det tas inn i lovteksten at regelen både gjeld private og offentlege pensjonsordningar.

5 Endringsforslag av teknisk karakter

5.1 Endring av folketrygdloven § 4–12 som følgje av at ferietillegget tidlegare er fjerna

5.1.1 Innleiing

Departementet foreslår å fjerne presiseringa i folketrygdloven § 4–12 tredje ledd om at ferietillegg ikkje skal reknast med i maksimale dagpengar på 90 prosent av dagpengegrunnlaget.

5.1.2 Gjeldande rett

Av folketrygdloven § 4–12 tredje ledd går det fram at dagpengane maksimalt kan vere 90 prosent av dagpengegrunnlaget, medrekna eventuelt barnetillegg, men utan ferietillegg.

5.1.3 Vurderingar og forslag til endringar

Ferietillegget blei fjerna frå dagpengane ved lovendringa som blei sett i kraft 1. januar 2003. Det er derfor ikkje naudsynt med ein presisering som gjeld ferietillegget i folketrygdloven § 4–12 tredje ledd. Departementet foreslår å ta ut presiseringa.

5.2 Unntak i folketrygdloven § 22–13 for dagpengar under arbeidsløyse

5.2.1 Innleiing

Departementet foreslår at det uttrykkeleg bør gå fram at reglane om å setje fram krav og etterbetaling etter § 22–13 tredje og sjette ledd ikkje gjeld krav om dagpengar.

5.2.2 Gjeldande rett

Folketrygdloven § 22–13 regulerer generelt fristar for å setje fram krav på trygdeytningar og etterbetaling. Etter første ledd er det eit vilkår for rett til ytningar at det blir sett fram krav. § 22–13 tredje og sjette ledd gjer unntak frå hovudregelen i første ledd, slik at stønad under visse føresetnader også kan gis for tida før det er sett fram krav. Reglar som gjer unntak frå hovudføresetnaden etter kap. 4 om å vere tilmeldt Aetat som arbeidssøkar og ha sett fram krav om dagpengar, reiser særskilde problem.

5.2.3 Vurderingar og forslag til endringar

I prinsippet gjeld dei generelle reglane i andre kapittel i loven som etter sitt innhald gjeld for dagpengar i kap. 4, med mindre det er gjort uttrykkeleg unntak eller er gitt særskilde reglar som går framfor meir generelle reglar. Det er ikkje gjort noko eksplisitt unntak for dagpengar i folketrygdloven § 22–13. Derimot må det leggst til grunn at regelen i § 4–9, om at dei som krev dagpengar må ha vore tilmeldt Aetat som arbeidssøkar for å ha rett til dagpengar, går framfor dei meir generelle reglane i § 22–13. I tillegg må det å setje fram krav i samband med dagpengeordningen, vere eitt av vilkåra for rett til stønad, og vilkåra for ytinga må ha vært oppfylt i den tida det etter § 22–13 er aktuelt å gi etterbetaling for.

Departementet har på dette grunnlaget konkludert med at korkje tredje eller sjette ledd i § 22–13 gir grunnlag for etterbetaling av dagpengar for tida før det er sett fram krav om dagpengar.

Sjølv om ein allereie legg til grunn at § 22–13 ikkje gjeld dagpengar etter kapittel 4, foreslår departementet at dagpengar uttrykkeleg blir unnatekne i nytt sjuande ledd i § 22–13.

5.3 Terminologiske endringar i folketrygdloven kapittel 4

Arbeids- og administrasjonsdepartementet fastsette i mai 2000 nye eigennamn på arbeidsmarknadsetaten og dei organa som høyrer til etaten. Den nemninga som no blir brukt om arbeidsmarknadsetaten

er «Aetat». Nemninga er også gjennomført i lov 10. desember 2004 nr. 76 om arbeidsmarknadstenester som mellom anna regulerer verksemda i Aetat.

Fleire stader i folketrygdloven kapittel 4 er dei gamle nemningane «arbeidskontoret» og «arbeidsformidlingen» framleis nytta.

I folketrygdloven § 4–8, som gjeld meldeplikta, heiter det mellom anna at arbeidssøkjaren må melde seg til «arbeidskontoret» på den måten som «arbeidskontoret» fastset. Slik meldeplikta no er organisert i Aetat, skjer meldinga anten ved at ein sender meldekort eller e-melding over internett til Meldekortsentralen, som er ein del av Aetat Service-senter i Mo. Det er Aetat Arbeidsdirektoratet som har fastsett melderutinane, og dei lokale kontora kan ikkje fråvike desse rutinane. Dette er i samsvar med den fullmakta som Aetat Arbeidsdirektoratet har til å organisere verksemda etter sysselsetjingsloven.

Departementet meiner at ein bør unngå å seie noko i lovteksten om på kva for eit nivå innanfor Aetat ein skal gjere kva, så lenge Aetat har fullmakt til å bestemme noko anna, jf. ovanfor.

På bakgrunn av dette foreslår departementet at orda «arbeidskontoret» og «arbeidsformidlinga» blir bytta ut med den nøytrale nemninga «Aetat».

Endringane gjeld folketrygdloven §§ 4–8 første ledd, andre ledd andre punktum og tredje ledd, 4–10 femte ledd og 4–20 sjuande ledd.

6 Ikraftsetjing. Økonomiske og administrative konsekvensar

6.1 Innleiing

Departementet foreslår at endringane skal gjelde alle tilfelle, med unntak for forslaget om å utvide dagpengegrunnlaget. Denne endringa gjerast berre gjeldande for nye tilfeller. Behovet for overgangsreglar vil bli vurdert.

Departementet tar sikte på at dei materielle endringane som er omtalte i kapittel 3, kan ta til å gjelde frå 1. juli 2005.

Dei endringane som er omtalte i kapittel 4 har ikkje noko materielt innhald, og kan ta til å gjelde straks loven er vedtatt.

Endringane vil ha relativt sett små verknader på utbetalingane av dagpengar. Med unntak av forslaga som er nemnde nedanfor i kap. 6.2–6.6, vil endringane mest truleg ha ingen eller berre marginale økonomiske konsekvensar.

Endringane vil ha minimale administrative konsekvensar. Forslaget om særskilte graderingsreglar for medlemmer som yter samfunnsstenleg innsats,

jf. kap. 3.4, vil krevje manuelle oppfølgingsrutinar i Aetat. Ordninga er meint å gjelde relativt få, slik at endringa likevel ikkje vil ha omfattande konsekvensar. Forskrifta bør dessutan etter departementet si oppfatning, vere skriven slik at det vil vere den enkelte som skal ha ansvar for å kontakte Aetat dersom dagpengane skal graderast på ein annan måte enn etter hovudregelen. Departementet vil komme attende til dette i samband med utarbeidinga av forskrifta.

6.2 Utviding av dagpengegrunnlaget

6.2.1 Svangerskapspengar

Det er svært få personar i aldersgruppa mellom 20 og 40 år som mottar svangerskapspengar, om lag 1 000 personar. Det må leggjast til grunn at få av desse vil vere dagpengemottakarar. Effekten av å inkludere svangerskapspengar i dagpengegrunnlaget må derfor vere marginal.

6.2.2 Pleie-, omsorgs- og opplæringspengar

Basert på opplysningar frå tidlegare år om utbetalinga av omsorgspengar, er det grunn til å tru at den langsiktige effekten av å ta ytinga med i dagpengegrunnlaget, blir svært liten.

Det blei utbetalt 198,5 mill. kroner i pleiepengar og i 28,4 mill. kroner i opplæringspengar 2002. På eit usikkert grunnlag kan ein rekne med at endringane fører til ei auke i dagpengeutbetalingane på om lag 0,5 mill. kroner i 2005 og 3,5 mill. kroner på lang sikt.

6.3 Endring av graderingsmåten frå veke til meldeperiode

Ein kan leggje til grunn at dei foreslåtte endringane vil føre til reduserte utgifter til dei dagpengemottakerne som i løpet av ei meldeperiode arbeider meir enn 50 prosent av tidlegare vanleg arbeidstid, men som etter gjeldande reglar likevel får dagpengar fordi arbeidstida i ei av vekene i meldeperioden er redusert med minst 50 prosent. Dette vil gjelde gjennomsnittleg 2 200.

Regelverksendringane medfører auka dagpengeutbetalingar til personar som arbeider mindre enn 50 prosent av tidlegare vanleg arbeidstid i ei meldeperiode, men som etter gjeldande reglar mister dagpengar fordi arbeidstida i ei av vekene i meldeperioden ikkje er redusert med minst 50 prosent. Dette vil gjelde om lag 4 100 personar.

Regelverksendringane vil også føre til at stønadsperioden blir raskare brukt opp. Dette vil truleg gjelde gjennomsnittleg 1 100 personar.

Samla gir dette ei innsparing i 2005 på om lag 35 mill. kroner. På lang sikt legg ein til grunn ei årleg innsparing under kap. 2541 med 90 mill. kroner. I berekningane er det ikkje tatt omsyn til ei venta tilpassing til nytt regelverk. Det er heller ikkje tatt omsyn til at nokon fleire på lang sikt vil kunne få rett til ventestønad under kap. 634.

6.4 Særskild gradering av dagpengar ved arbeidsinntekt frå tillitsverv, omsorgsarbeid m.m.

Departementet vil først kunne berekne økonomiske og administrative konsekvensar når innhaldet i ei ny forskrift er fastsett. Fordi ein legg til grunn at det vil vere få personar som vil kunne få gradering etter dei særskilde reglane, legg ein til grunn at endringa ikkje vil få økonomiske konsekvensar av nemneverdig omfang.

6.5 Utvida rett til å ta opp att stønadsperioden i samband med graviditetsrelatert sjukdom

På grunnlag i opplysningar frå Rikstrygdeverket kan ein leggje til grunn at om lag 600 stønadsmodtakarar vil kunne ha rett til å ta opp att stønadsperioden etter avslutta fødselspermisjon, med den endringa departementet foreslår. Dette er om lag 500 fleire stønadsstilfelle enn etter gjeldande rett. Med ein gjennomsnittleg stønadsperiode og ei gjennomsnittleg utbetaling, inneber dette ei årleg auke i utbetalingane på om lag 7 millionar kroner i 2005 og om lag 15 millionar kroner på lang sikt.

6.6 Tidsavgrensa bortfall av dagpengar i dei tilfella medlemmen let vere å møte opp ved Aetat lokal

På grunnlag av statistikk frå tidlegare år kan ein rekne med at det årleg vil bli fatta om lag 700 vedtak om tidsavgrensa bortfall på grunn av at arbeids-søkjarar ikkje møter ved Aetat. Dersom bortfallsperioden blir korta ned til fire veker vil dette medføre ein kostnad på om lag 7 mill. kroner på lang sikt, om lag 1,5 mill. kroner i 2005.

7 Merknader til dei enkelte paragrafane

Til § 4–3

Nytt tredje ledd er ei lovfesting av gjeldande praksis, og inneber inga materiell endring. Nytt fjerde

ledd gir departementet heimel for å gi forskrifter om korleis ein reknar ut den vanlege arbeidstida til dagpengemottakaren.

Til § 4–6

Endringa inneber ei presisering av heimelen for å gi forskrifter om at ein kan ha rett dagpengar medan ein deltar i arbeidsmarknadstiltak, og inneber inga materiell endring.

Til § 4–11

Endringa utvidar dagpengegrunnlaget med svangerskapspengar jf. folketrygdloven kap. 14, og omsorgs-, pleie- og opplæringspengar, jf. folketrygdloven kap. 9. Desse ytingane er lønnssubstitutt som kan samanliknast med dei ytingane som etter gjeldande rett er ein del av dagpengegrunnlaget.

Det er ikkje lenger behov for å ha ein regel om avrunding av dagpengegrunnlaget, og tredje og fjerde leddet blir derfor endra.

Til § 4–12

Etter at ordninga med ferietillegg blei fjerna frå 1. januar 2003 er presiseringa i fjerde leddet, om at ferietillegget ikkje reknast med i dagpengegrunnlaget, ikkje lenger naudsynt.

Til § 4–13

Paragrafen regulerer retten til graderte (avkorta) dagpengar.

Som følge av forslaget om at dagpengane som hovudregel skal graderast i forhold til ein meldeperiode, og ikkje i forhold til ei veke, blir gjeldande femte ledd oppheva. Her gjerast det no unntak frå det gjeldande prinsippet, og eit slikt unntak er det ikkje lenger bruk for.

I forslag til nytt femte ledd får departementet heimel til å gi forskrifter om gradering. Dette gjeld også heimel til å gi forskrift for særskilde grupper, som nemnd i kapittel 3.4, med reglar som fråviker § 4–13 elles.

Til § 4–16

Paragrafen gjeld rett til å ta opp att eit stønadsforhold etter eit avbrot. Som hovudregel gjeld denne retten berre avbrot som har vart i inntil 52 veker. Unntaket i andre ledd blir utvida, slik at kvinner som har vore sjukmelde som følge av graviditet, på visse vilkår får rett til å ta opp att stønadsforholdet, sjølv om avbrotet har vore lengre enn 52 veker. Ein

slik regel gjeld no for avbrot som følgje av verneplikt, eller at stønadsmottakar har deltatt i arbeidsmarknadstiltak. Utvidinga er naudsynt for at dagpengeregelverket skal vere i samsvar med general-klausulen i likestillingsloven § 3 andre ledd.

Til § 4–20

Paragrafen gjeld tidsavgrensa bortfall av dagpengar. Dei foreslåtte endringane inneber at reaksjonen mot dei som utan rimeleg grunn lar vere å møte ved Aetat etter ei innkalling, blir noko mildare enn tidlegare.

Til §§ 4–24 og 4–25

Paragrafane gjeld samordning av dagpengar med fulle og reduserte folketrygdyingar og avtalefesta pensjon.

Reglane om samordning med uførepensjon/tidsavgrensa uførestønad endrast m.a. som følgje av innføringa av ordninga med såkalla kvilande pensjonsrett. Sjå kapittel 3.7.

Vidare blir det innført heimel for å samordne dagpengar og svangerskapspengar, sjå kapittel 3.8.

Overskrifta i begge paragrafane, og §§ 4–24 tredje ledd og 4–25 tredje ledd endrast slik at det kjem klart fram at avtalefesta pensjon skal samord-

nast med dagpengar, uavhengig av om ordninga har statstilskott eller ikkje, sjå kapittel 4.4.

Til § 4–26

Paragrafen gjeld m.a. samordning av dagpengar med ytingar utanfor folketrygda. Reglane om samordning med redusert uførepensjon endrast som følgje av innføringa av ordninga med kvilande pensjonsrett. Sjå kapittel 3.7.

Til § 22–13:

Paragrafen inneheld reglar om å setje fram krav om ytingar, om etterbetaling og forelding av krav. Nytt sjuande ledd inneber ei presisering av regelen som allereie går fram av reglane om å setje fram krav om dagpengar i folketrygdloven kapittel 4.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (dagpengar under arbeidsløyse m.m.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (dagpengar under arbeidsløyse m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (dagpenger under arbeidsløse m.m.)

I

I lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd blir følgende endringer gjort:

§ 4–3 nytt tredje og fjerde ledd skal lyde:

En arbeidstidsreduksjon kan bare legges til grunn for én full stønadsperiode.

Departementet kan gi forskrifter om fastsetting av vanlig arbeidstid.

§ 4–6 første ledd, nytt tredje strekpunkt skal lyde:

– *deltakelse i arbeidsmarkedstiltak*

Gjeldende strekpunkt nr. tre blir nr. fire, nr. fire blir nr. fem osv.

§ 4–11 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Dagpenger under arbeidsløshet etter dette kapittel, sykepenger etter kapittel 8, *omsorgspenger, pleiepenger og opplæringspenger* etter kapittel 9 og fødselspenger, *svangerskapspenger* og adopsjonspenger etter kapittel 14 tas også med i dagpengegrunnlaget når rett til stønad er opptjent som arbeidstaker.

§ 4–11 tredje og fjerde ledd skal lyde:

Inntekten justeres i forhold til endringene i grunnbeløpet i tiden frem til han eller hun søker om *dagpenger*.

Inntekt over seks ganger folketrygdens grunnbeløp regnes ikke med i *dagpengegrunnlaget*.

§ 4–12 tredje ledd skal lyde:

Dagpenger inklusive *barnetillegg* kan ikke utgjøre mer enn 90 prosent av medlemmets dagpengegrunnlag.

§ 4–13 andre til femte ledd skal lyde:

Graderte dagpenger ytes bare når vanlig arbeidstid i *meldeperioden* (se § 4–8) er redusert med minst 50 pst. i forhold til medlemmets *vanlige arbeidstid* (se § 4–3 annet ledd).

Dagpengene utgjør en så stor del av fulle dagpenger som reduksjonen i arbeidstiden utgjør i forhold til medlemmets vanlige arbeidstid (se § 4–3 andre ledd).

For medlem som har uregelmessig arbeidstid i *meldeperioden*, men regelmessig arbeidstid i en pe-

riode som er lengre enn en *meldeperiode*, beregnes dagpengene etter reduksjonen i arbeidstid i denne perioden.

Departementet kan i forskrift fastsette regler om gradering av dagpenger. Det kan for spesielle grupper fastsettes regler som fraviker bestemmelsene i denne paragrafen.

§ 4–16 andre ledd første punktum skal lyde:

Dersom avbruddet skyldes deltakelse i arbeidsmarkedstiltak, avtjening av verneplikt eller sykdom på grunn av graviditet, gjelder bestemmelsene i første ledd selv om det er gått mer enn 52 uker siden medlemmet fikk dagpenger sist.

§ 4–20 fjerde ledd skal lyde:

Retten til dagpenger faller bort i

- a) åtte uker første gang et forhold som nevnt i første ledd bokstav a til d eller andre ledd inntreffer,
- b) tolv uker dersom forhold som nevnt i første ledd bokstav a til d eller andre ledd, eller i § 4–10 første ledd har inntruffet to ganger innenfor de siste tolv måneder,
- c) seks måneder dersom forhold som nevnt i første ledd bokstav a til d eller andre ledd, eller i § 4–10 første ledd har inntruffet tre ganger innenfor de siste tolv måneder.

§ 4–20 nytt femte ledd skal lyde:

Retten til dagpenger faller bort i

- a) *fire uker første gang et forhold som nevnt i første ledd bokstav e inntreffer,*
- b) *åtte uker dersom forhold som nevnt i første ledd bokstav e har inntruffet to ganger innenfor de siste tolv måneder,*
- c) *tolv uker dersom forhold som nevnt i første ledd bokstav e har inntruffet tre ganger innenfor de siste tolv måneder.*

Gjeldende femte ledd blir nytt sjette ledd, gjeldende sjette ledd blir nytt sjuande ledd osv.

§ 4–24 ny overskrift skal lyde:

§ 4–24. *Medlem som har fulle ytelser etter folketrygdløven eller avtalefestet pensjon*

§ 4–24 andre ledd bokstav e skal lyde:

- e) *fødselspenger, adopsjonspenger eller svangerskapspenger* etter lovens kapittel 14,

§ 4–24 tredje ledd skal lyde:

Retten til dagpenger faller også bort når medlemmet mottar full avtalefestet *pensjon*.

§ 4–25 ny overskrift skal lyde:

§ 4–25. *Samordning med reduserte ytelser fra folketrygden, eller redusert avtalefestet pensjon*

§ 4–25 første ledd bokstav d og e skal lyde:

- d) *uførepensjon* etter lovens kapittel 12, når denne er gitt med *virkningstidspunkt* i inneværende år eller innenfor de to siste kalenderår før dagpenger tilstås,
- e) *fødselspenger, adopsjonspenger eller svangerskapspenger* etter lovens kapittel 14,

§ 4–25 tredje ledd skal lyde:

Dagpengene reduseres tilsvarende når medlemmet mottar redusert avtalefestet *pensjon* (AFP).

§ 4–26 første ledd bokstav c skal lyde:

- c) redusert uførepensjon fra offentlig pensjonsordning, når denne er gitt med *virkningstidspunkt* i inneværende år eller innenfor de to siste avsluttede kalenderår før dagpenger tilstås,

§ 22–13 nytt sjuande ledd skal lyde:

Bestemmelsene i andre til sjette ledd gjelder ikke for dagpenger under arbeidsløshet etter kapittel 4.

I § 4–8 første ledd, annet ledd annet punktum og tredje ledd, § 4–10 femte ledd og § 4–20 sjuande ledd skal «arbeidskontoret» og «arbeidsformidlingen» endrast til *Aetat*.

II

Ikraftsetjings- og overgangsreglar

Endringane gjeld frå det tidspunktet Kongen fastset.

Departementet kan gi forskrift om overgangsreglar.



Trykk: A/S O. Fredt, Arnesen, Mars 2005